
Fra: Rune Lothe <rune.lothe@ikah.no>
Sendt: mandag 2. oktober 2017 22.16
Til: Martha Heggland; Magda Haugen; eir; Turid Nå; Irene Rydland
Haukeland; Elisabeth Valdernesnes; Anne Dahle Austrheim; Galtung
Torsnes, Eli
Kopi: Simen Soltvedt; Tove Mette Arnø Fyllingen
Emne: Tilsetjing av konsulent i samband med digitale utfordringar som
følgje av kommunereforma

Vi har no tilsett ein ny medarbeidar i prosjektstillinga som er tilknytt digitale utfordringar for dykk i samband med kommunereforma. Tidsramma for arbeidet er foreløpig satt til 01.10 2017 til 31.09.2020. med muligheit for forlenging.

Vedkommande vi har tilsett heiter Terje Hevrøy og er 45 år. Han er utdanna innan organisasjon, økonomi og prosjektadministrasjon. Han har erfaring med IT prosjekt og dokumenthandtering samt ulike dokumenthandteringsystem brukt både i offentleg og privat sektor. Han har og erfaring med databaser samt litt programmering.

Siste arbeidsstad før oss var i privat sektor der han mellom anna deltok i samt leia arbeide med ulike digitaliseringsprosjekt samt prosessutvikling for oljesektoren, mellom anna Statoil og Oddfjell Drilling. Han har og hatt leiaransvar for fleire tilsette.

Referansane påpeikar godt humør, kreativitet samt god evne til å motivere sjølv når ting står på som verst.

Vi er glad for at vi no har ein ressurs på plass og så snart kommunesamarbeida har fått sine prosjektleiarar og arbeidsgrupper på plass vil Terje etablere kontakt og gjere seg tilgjengeleg for deltakelse i dei ulike arbeidsgruppene knytt oppretting av den nye kommunen, digitale avhengigheiter og arbeidet her slik KS FoU rapport legg opp til. Han vil og avlaste meg på enkelte område slik at vi kan ta tak i kartlegging og avslutting av dei gamle kommunane.

Når det gjeld avslutting av arkiva frå dei gamle kommunane vil eg stå som hovedkontakt for dette inntil vidare. Vi er klar over at enkelte har fått tilsyn frå Arkivverket og at ein generelt vil få svært korte fristar for å levere ein plan for kartlegging, ordning og avlevering av arkiv til depot. Vi vil i samråd med dykk utarbeide konkrete planar for arbeidet i tråd med dei signala vi har fått frå Arkivverket.

--

Rune Lothe
Dagleg leiar | 55306090
rune.lothe@ikah.no | www.ikah.no